



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møre og Romsdal 2025

Årsrapport 2023

Møre og Romsdal 2025



Innhold

Samandrag	2
Bakgrunn for Møre og Romsdal 2025	3
Mål	5
Organisering	5
Møteplassane i Møre og Romsdal 2025	9
Nyttårskonferansen 2023	9
Levekårsnettverket	11
Statsetatsmøte	11
Satsingane i Møre og Romsdal 2025	12
Berekraftfylket Møre og Romsdal	12
Aktivitar i 2023	12
Ungt utanforskap	15
Aktivitetar i 2023	16
Statistikkportal for Møre og Romsdal	17
Aktivitetar i 2023	18
Omstillingsevne i offentleg sektor	19
Aktivitetar i 2023	19
Digi Møre og Romsdal	20
Aktivitetar i 2023	21
Styrking av Ungt Entreprenørskap	23
Aktivitetar i 2023	24

Samandrag

[Møre og Romsdal 2025](#) (MR2025) er eit program der offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal samarbeider for å styrke regionen. Fylkeskommunen er programeigar og samarbeider med kommunane i fylket, statsforvaltaren og andre statlege aktørar. Programmet er ein samarbeidsrigg, som fasiliterer og bidreg til møteplassar, deltakardrivne prosjekt og satsingar på område der offentleg sektor ser behov for betre samarbeid. Namnet MR2025 var ved oppstart (2018) valt for å reflektere at ein løfta blikket opp og fram. Programmet er dynamisk og i løpet av 2024 vil ein samstundes med å finne eit nytt namn ta ein gjennomgang av innhaldet i programmet. Eit stadig meir krevjande utfordringsbilde i samfunnet reflekterast og i programmet, kor eit aukande ønske og behov for regionale satsingar og styrka samarbeid kjem tydeleg fram.

Programmet har i 2023 bidratt til fellessatsingar som; Berekraftfylket, Digi Møre og Romsdal, Ungt utanforskap, forprosjekt for felles statistikkportal Møre og Romsdal og styrking av Ungt Entreprenørskap. MR2025 er vertskap for Nyttårskonferansen som årleg samlar toppleiinga i offentleg sektor i og med ansvar for Møre og Romsdal. I samarbeid med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal bidreg MR2025 til Levekårsnettverket og Statsetatsmøter. I denne årsrapporten får du meir informasjon om aktivitetane i 2023.

Bakgrunn for Møre og Romsdal 2025

Samfunnsutfordringane vi står overfor er samansette og spenner over geografiske grenser, forvaltningsnivå og sektorskiller. Ingen aktørar kan løyse dei aleine. Gjennom samarbeid kan vi oppnå raskare og betre resultat for Møre og Romsdal. Samarbeid om samfunnsutfordringar treng ein pådrivar som koplar saman aktørar, finn fram til felles prioriteringar, mobiliserer kunnskap og ressursar til handling, gjennom langsiktig arbeid.

I fleire Stortingsmeldingar dei siste åra, til dømes i «Meld. St. 5 (2019–2020) – Distriktsmeldinga», har rolla som regional samfunnsutviklar vore framheva som ein av hovudoppgåvene til fylkeskommunen – det regionale folkevalde nivået skal mellom anna bidra til betre samordning av sektorar og prioriteringar og til ei heilskapleg og ønska utvikling i fylket. Vidare omtalar Plan- og bygningslova i § 3.1 samordning av offentlege verksemdar som eit viktig omsyn som skal ivaretakast. I Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §1 omtalast det at fylkeskommunane mellom anna skal drive samfunnsutvikling for innbyggjaranes beste. I dei Nasjonale forventningane til planlegging peikast det på at fylkeskommunen gjennom sine regionale planar er «viktige for å sikre ein heilskapleg forvaltning og utvikling i regionane innan tema som går på tvers av kommunegrensene». [Møre og Romsdal 2025](#) (MR2025) er ein av måtane Møre og Romsdal fylkeskommune har fylt samfunnsutviklarrolla på, og er den einaste store satsinga som møter fylkesplanmål for samarbeid.

MR2025 er eit program der offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal samarbeider for å styrke regionen. Fylkeskommunen er programeigar og samarbeider med kommunane i fylket, statsforvaltaren og andre statlege aktørar. Fylkesutvalet vedtok oppstart av MR2025 11.04.18, jf. U-sak 21/18.

MR2025 er ein overbygning, ein samarbeidsmodell, som fasiliterer og bidreg til deltakardrivne samarbeid, prosjekt og satsingar. MR2025 fungerer godt som ein samarbeidsrigg, mellom anna fordi det er bygd tillit over tid, og fordi det er eit dynamisk program tilpassa deltakaranes behov og ønskjer over tid. Programmet består av to hovudaktivitetar; arrangere møteplassar som grunnlag for samarbeid, og fasilitere

fellessatsingar på område der offentlig sektor ser behov for betre samarbeid for å løyse dei samansette utfordringane offentlig sektor står overfor.

Namnet MR2025 var ved oppstart valt for å reflektere at ein løfta blikket opp og fram, ikkje for å reflektere programmets varigheit. Programmet er dynamisk og i løpet av 2024 vil ein dra nytte av behov for å endre namn til å ta ein gjennomgang av programmet. MR2025 fungerer godt, mellom anna fordi ein har bygd opp tillit over tid. Programmet har frå oppstart nytta svært beskjedane ressursar, men har lykkast med å utløse personressursar og store midlar, særleg frå Statsforvaltaren (over 20 millionar kroner), gjennom samarbeid. Andre fylkeskommunar ser til MR2025 si organisering for samarbeid, mellom anna er MR2025 presentert for Nordland, Rogaland, Troms og Finnmark, Vestland og Agder fylkeskommunar.

Bildet under gir ein oversikt over møteplassar og fellessatsingar i MR2025. Satsingane i blått er frå 2024 drifta av andre enn MR2025. Omstillingsevne i offentlig sektor er ei ny satsing på veg inn i programmet. Les om [programmet på mrfylke.no](http://programmet.på.mrfylke.no).



Oversikt over møteplassar og fellessatsingar i MR2025.


Mål

Hovudmålet med programmet er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal er godt samordna og ein sterkare utviklingsaktør for Møre og Romsdal.

Alle prosjekt og tiltak i programmet har målsettingar som bidreg til å realisere det overordna målet for MR2025. Samstundes vil kvart enkelt prosjekt ha sitt eige formål, prosjektorganisering og i blant anna prosjekteigar enn fylkeskommunen. Verdien av programorganiseringa for delprosjekta er tilgang til møteplassar, nettverk, informasjon, kompetanseheving og strategisk samarbeid både frå MR2025 og mellom prosjekta.

Organisering

Figuren under gir ei oversikt over organiseringa av MR2025.



Organisasjonskart for Møre og Romsdal 2025.

Programstyre

Programstyret har i 2023 hatt følgende representantar:

- Fylkesordførar (leiar)
- Fire gruppeleiarar i Fylkesutvalet
- Fylkeskommunedirektør
- Statsforvaltar

Programstyret gir strategiske føringar for programmet. Programstyret er utpekt av og frå Fylkesutvalet, og rapporterer dit årleg. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Fylkeskommunedirektør har møterett. Programstyret gjennomførte to møter i 2023. Frå 2024 består programstyret av:

- Fylkesordførar Anders Riise (leiar)
- Varafylkesordførar Anne Marie Fiksdal
- Per Ivar Lied
- Line Hatmosø Hoem
- Statsforvaltar Else-May Botten
- Fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak

Programstab

Programstab bidreg til koordinering av arbeidet i programmet og består av ass. fylkeskommunedirektør, leiar for seksjon for berekraftig samfunnsutvikling og programleiar. Programstaben møtast månadleg.

Referansegrupper

MR2025 har tre referansegrupper; Ungdomspanelet, Partnerskap for kompetanse og verdiskaping og Referansegruppe offentlig sektor. Programleiar deltok på to møter i Ungdomspanelet og to møter i Partnerskap for kompetanse og verdiskaping i 2023. Referansegruppa for offentlig sektor er den einaste oppretta av MR2025, og leiast av Gunn Randi Seime, ass. Fylkeskommunedirektør. Gruppa gir strategiske råd for arbeidet i MR2025.

Referansegruppa for offentlig sektor har følgende representantar:

Ungdomspanelet	Leder, Niels Adon Leenders
Helse Møre og Romsdal	Adm. dir. Olav Lødemel
Husbanken	Regiondirektør Georg Ole Vesterhus
Høgskolen i Molde	Rektor Elin Mordal
Høgskulen i Volda	Rektor Odd Helge Mjellem Tonheim
NTNU Ålesund	Viserektor Anne-Lise Sagen Major
Statped	Regiondirektør Marit Elin Eide
Møre og Romsdal politidistrikt	Visepolitimeister Ingmar Farstad
NAV, Møre og Romsdal	Fylkesdirektør Stein Veland
NVE region Vest-Norge	Regionsjef Aart Verhage
Statens Vegvesen Region Midt	Avdelingsdirektør Transport Midt Kjetil Strand
Forskningsrådet	Regionansvarleg Arthur Almestad
KS Møre og Romsdal	Regiondirektør Gunnar Bendixen
Kommunedirektørutvalet MR	Leiar Wenche Solheim
Sunnmøre regionråd	Styreleiar Vebjørn Krogsæter
Nordmøre IPR	Leiar Ingrid Ovidie Rangønes
Romsdal IPR	Leiar Trygve Grydeland
Ålesund kommune	Kommunedirektør Jon Steven Hasseldal
Molde kommune	Kommunedirektør Marianne Stokkereit Aasen
Kristiansund kommune	Rådmann Arne Ingebrigtsen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Ass. statsforvaltar Rigmor Brøste
	Områdedirektør sosial bærekraft Tone Monsen Årø
	Områdedirektør økologisk bærekraft Frank Madsøy
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal	Ass. fylkeskommunedirektør Gunn Randi Seime
	Næringssjef Hilde Aspås
	Fylkeskultursjef Heidi Iren Wedlog Olsen
	Seksjonsleiar Oddny Wiggen

Referansegruppe for offentlig sektor gjennomførte to møter i 2023, eit digitalt møte på våren og ei samling på hausten.

Programforum

MR2025 har tre programforum:

Programforum Møre og Romsdal fylkeskommune skal sikre informasjonsflyt og samarbeid med eigen organisasjon. Medlemmar er assisterande leiarar av alle fag og tenesteområde, organisasjonssjef, fylkesplansjef, leiar for seksjon for berekraftig samfunnsutvikling og programleiar. Programforumet gjennomførte 3 møter i 2023.

Programforum Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sikrar informasjonsflyt og godt samarbeid med Statsforvaltaren, og består av ass. statsforvaltar i Møre og Romsdal, seksjonsleiar berekraftig samfunnsutvikling og programleiar. Programforumet møtast månadleg.

Prosjektleiarforum er ein møteplass for prosjektleiarane i MR2025 for å sikre samordning, samarbeid, informasjonsflyt og bidrag til kvarandre sine satsingar. Prosjektleiarforumet gjennomførte 8 møter i 2023.

Møteplassane i Møre og Romsdal 2025

Nyttårskonferansen 2023

Nyttårskonferansen er ei årleg samling for toppleiarar i offentlig sektor og politikarar med ansvar for Møre og Romsdal. Konferansen er arrangert av MR2025 og programkomiteen består av Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, NAV, KS og Ungdomspanelet.

I 2023 vart Nyttårskonferansen arrangert for femte gong, 10-11. januar. Hovudtema for konferansen var satsingsområda i MR2025; berekraft, utanforskap og digitalisering, men også utfordringsbildet for fylket framover. Konferansen var lagt opp med både innlegg i plenum og gruppediskusjonar. Alle kommunane i fylket var representert under konferansen, dei fleste med både ordførar og kommunedirektør. I tillegg deltok leiarar frå 25 ulike statlege aktørar.



Foto: Per-Kristian Bratteng.

Prisen Årets regionbygger delast ut til nokon som har utmerka seg som ei samlande kraft i fylket, og programkomiteen for Nyttårskonferansen er jury. Årets regionbygger 2022 vart Kristiansund og Nordmøre Næringsforum, Molde Næringsforum og Næringsforeningen Ålesundregionen. Juryens vurdering var som følger:

«I ei tid kor rekruttering er viktigare enn nokon gong før har Molde Næringsforum, Kristiansund og Nordmøre Næringsforum og Næringsforeningen Ålesundregionen gjennom sitt samarbeid om «Bli med heim» og det planlagde rekrutteringsprosjektet vært ei samlande kraft for tilflytting til fylket vårt. Dei har skapt nye møteplassar mellom bedrifter, organisasjonar og kommunar i Møre og Romsdal og studentar i Trondheims- og Osloregionen. På sine arrangement visar deg fram den attraktive arbeidsmarknaden i fylket vårt, men også kvalitetar ved kulturliv og friluftsliv med eit felles mål om å saman tiltrekke seg fleire tilflyttarar.»



Bildet visar dåverande fylkesordfører Line Hatmosø Hoem (t.v.) saman med Årets regionbyggerar 2023 representert ved daglege leiarar Lene Trude Solheim, Ole Rugset og Britt Flo. Foto: Per-Kristian Bratteng.

Levekårsnettverket

Levekårsnettverket i Møre og Romsdal er eit strategisk samarbeid på toppleiarnivå mellom statlege og regionale aktørar på velferdsområdet. Levekårsnettverket i Møre og Romsdal skal bidra til at kommunane møter ein samordna stat, og at felles og koordinert innsats vil ha betre effekt på tenestene. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er prosjekteigar og leiar for Levekårsnettverket.

Levekårsnettverket gjennomførte to møter i 2023. Utover året er det gjennomført mykje arbeid knytt til samfunnsoppdraget for inkludering av barn og unge. Det er planlagt tre møter i Levekårsnettverket i 2024.

Statsetatsmøte

I 2023 ble det ikkje tatt initiativ til eigne statsetatsmøter. Likevel har regional stat hatt møter i fleire samanhengar der det har vore naturleg knytt til samordning innan fagområde. Fylkesberedskapsrådet og Levekårsnettverket er to slike eksemplar. Statsforvaltaren vil framover ta initiativ til nye statsetatsmøter etter behov i staden for faste oppsette møter.

Satsingane i Møre og Romsdal 2025

Enkeltprosjekta i MR2025 er organisert på ulike vis og har ulike deltakarar, strukturar og prosjekteigar. Felles for prosjekta er målsetting om å styrke fylket gjennom samarbeid, på område valt av kommunar og statsetatar – samfunnsutfordringar som er for store til at kvar enkelt kan løyse dei.

Berekraftfylket Møre og Romsdal

Prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal skal bidra til at berekraftsarbeidet i Møre og Romsdal har ei felles retning forankra i kunnskap om lokal status på berekraft. Eit sentralt mål er å legge til rette for at kommunane samarbeider om å løyse felles berekraftsutfordringar i partnarskap med ei bredde aktørar, og jobbar med berekraft på ein heilskapleg, systematisk måte. Prosjektet er en pådrivar for det regionale samarbeidet på berekraft, og også i nasjonal kontekst blir fylkeskommunens rolle lagt merke. Fleire fylkeskommunar etablerer og styrker sine berekraftssatsingar i 2023, og har sett til Møre og Romsdal for inspirasjon.

Berekraftfylket Møre og Romsdal har i 2023 prioritert å jobbe med sirkulær økonomi, ei av dei 6 felles regionale satsingsområda identifisert i berekraftskartlegginga frå 2021. Berekraftfylket bidreg og inn i andre initiativ og prosessar i fylket; utvikling av Internship-programmet på Campus Kristiansund, omorganiseringa av Framtidslaben, og NHO, LO og KS sitt initiativ «Berekraftsløftet».

Aktivitar i 2023

Aktivitet/Prosjekt	Status
Samarbeid med OECD på sirkulærøkonomi	Statuskartlegging av sirkulærøkonomi i Møre og Romsdal. Fylket er plukka ut som ein av ti byer/regionar i Europa. Dette vil resultere i en aksjonsorientert rapport i april 2024. Arbeidet har vore bredt forankra, og over 60 aktørar frå offentleg, privat og frivillig sektor er intervjuet av OECD og har delteke i prosessen. Prosjektet har hatt tre interns, og er gjennomført i

	samarbeid med ressurs frå Internasjonal seksjon, Kompetanse- og næringsavdelinga.
CREST – Klimatilpassing for kystnære urbane områder med bruk av digital tvilling	EU-prosjekt over tre år med to andre byer i Europa; Bourdeaux (Frankrike) og Kolobrzeg (Polen). Kristiansund kommune er pilotby, fylkeskommunen er prosjektpartner. Deltatt på workshop i Bourdeaux, gjennomført workshop i Kristiansund, en større byundersøking om innbyggjaranes forhold til endringar i klimaet og en stor innsamling av talmateriale som grunnlag for digitale tvillingar til workshoper i 2024. Prosjektet er presentert på Klimatilpassings konferanse arrangert av Norges Forskningsråd, som eksempel på godt samarbeid mellom fylkeskommune og kommune. Prosjektet har hatt tre interns, og er gjennomført i samarbeid med ressurs frå Internasjonal seksjon, Kompetanse- og næringsavdelinga.
Digitalt seminar på berekraft i plan- og styringsprosessar	Arrangert seks webinar i 2023 om forholda mellom berekraftsmåla, berekraft i det politiske landskapet, verktøy i plan- og styringsprosessar og berekraftig areal- og naturforvaltning (ca. 40 personar deltok kvar gang).
Etablering av Klimapartner	Fylkeskommunen har bidrege til Ålesund kommune si etablering av Klimapartner. Kommunen vil jobbe vidare med prosjektet aleine frå 2024. Måletsetinga er å jobbe saman med verksemder om det grønne skiftet.
Internt berekraftsnettverk	Oppretta internt berekraftsnettverk med 15 ambassadørar som skal være noder til kompetanse på berekraft i avdelingane. Gjennomført tre samlingar; bli-kjent, dilemmatrening og berekraftskonfliktar og målkonflikttrening. Dilemmatrening er gjennomført på 6 avdelingar internt av bærekraftsambassadørene og har fått svært gode tilbakemeldingar.

Circular Cities and Regions	Fylkeskommunen valt som deltakar i EU -prosjektet CCRI saman med 36 andre europeiske byar, regionar og klynge. Dette førte til samarbeidet med OECD. Fylkeskommunen deltek med forankring i fleire avdelingar i tre av fire arbeidsgrupper innan; ressurs-handtering, industriell symbiose og bygg og anlegg.
Prosjektleiing av Berekräftskoordinatorar	Frå 2023 har Statsforvaltaren finansiert 4 prosjektstillingar i kommunane i 2 år. Arbeidet koordinerast av Berekräftfylket og skal bidra til fylkesdekkande samarbeid om berekräft.
Aktivitet i det nasjonale berekräftsnettverket	Fylkeskommunen er framleis aktiv i det nasjonale berekräftsnettverket. I 2023 har vi vore med å arrangere berekräftsfredagar som er opne webinar med ulike tema: <ul style="list-style-type: none"> - Bustadpolitikk og utanforskap - Berekräftig natur og arealforvaltning - Berekräftige offentlege bygg - Arbeid med likestilling - Klimabudsjett - Ansvarleg forbruk og produksjon i praksis - Naturmangfald i kommunal planlegging - Partssamarbeid for berekräftig omstilling Deltok i november på samling for prioritering av vidare arbeidspakker innanfor måling og indikatorarbeid, kompetanseheving, kommunikasjon og arrangement.
Fredagsopplæring: «Berekräft 1.0»	Kompetansehevingstiltak i fylkeskommunen; kva er berekräft, kordan jobbar vi med det internt og eksternt i kommunane.
Prosjektrevidering	Første halvdel av 2023 har Berekräftfylket jobba mykje med prosjektrevidering både for tydeleggjere overordna prosjektmål, og konkrete satsingsområde og aktivitetar i dei ulike samarbeidsforuma i MR2025.

Ungt utanforskap

Utanforskap er eit av områda deltakarane i MR2025 valte for å samarbeide om frå starten. Tal frå fylkesstatistikken visar at Møre og Romsdal (8,8 prosent) ligg om lag ein prosent under landssnittet (9,7 prosent) for utanforskap blant unge mellom 15 og 29 år. Men her er det store forskjellar mellom kommunane – frå 5,3 prosent til 13,8 prosent. Nokre av desse er uføre, andre har andre stønader, men for over halvparten veit vi ikkje kva dei gjer eller kven dei er.

Utanforskap er ei av vår tids store samfunnsutfordringar kor det krevjast målretta tverrsektoriell innsats for å lykkast. Med aukande arbeidskraftsbehov og smalare økonomiske rammer til offentleg tenesteyting er det viktig å forebygge utanforskap og legge til rette for inkludering av alle. I [Meld. St. 5 Langtidsplan for forskning og høgre utdanning 2023-2032](#) lanserte regjeringa eit nasjonalt målretta samfunnsoppdrag for å inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Gjennom samarbeidet med KS sitt Partnerskap for radikal innovasjon som deltek i den operative gruppa som utarbeidar samfunnsoppdraget er MR2025 tett på. MR2025 si fellessatsing på utanforskap er skildra i eit samanfattande [kunnskapsgrunnlag om inkludering utarbeidd av Halogen](#) på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet. Det nasjonale samfunnsoppdraget skal settast i verk frå 2024 og satsinga ungt utanforskap i MR2025 vil bidra til å kople saman dei tre forvaltningsnivåa. Vi bør gjennom vårt arbeid følgje dei nasjonale tellekantane og sjå korleis vi kan koordinere arbeidet betre.

MR2025 jobbar for ei brei satsing for å motverke ungt utanforskap gjennom samarbeid om systeminnovasjonar som adresserer rot årsaker til ungt utanforskap. MR2025 bidreg til å styrke samordninga av arbeidet og kople det nasjonale, regionale og lokale nivået i arbeidet.

Aktivitetar i 2023

Aktivitet/Prosjekt	Status
Samarbeid Nordland fylkeskommune og Nordlandsforskning	Forprosjektet har mottatt midlar frå RFF Nord-Norge og ble starta i desember 2023. Prosjektet skal undersøke kven dei mest utsette for varig utanforskap er, og kva risikofaktorar som kan føre til utanforskap. Målet er å kunne målrette det forebyggande arbeidet betre.
Samarbeid KS Partnerskap for radikal innovasjon	I 2023 har MR2025 delteke i eit forprosjekt i regi av KS sitt Partnerskap for radikal innovasjon med mål om å skape betre moglegheiter og system for unge menneskjer i overgangen frå ungdom til ung vaksen. Basert på arbeidet ble det utarbeidd ein prosess skildring for korleis ein kan arbeide med systemiske problem med ungt utanforskap «Frå ungdom til ung vaksen». Prosessskildringa er tilgjengeleg her .
Felles lunsj med tema «utanforskap» på Fylkeshuset	Månadleg lunsj for alle som arbeider med ungt utanforskap. Deltakarar frå fleire avdelingar i fylkeskommunen, KS, NAV, Høgskolen i Molde og Statsforvaltaren.
Dialog med andre fylkeskommunar	Møter med Vestfold og Telemark (eige utanforskapsfond), Agder (Vårt Agder), Trøndelag (Trøndelagsløftet) og Vestland
Utgreiing om arbeid mot ungt utanforskap i Møre og Romsdal fylkeskommune	MR2025 koordinerte arbeidet med rapporten. Utgreiinga konkluderte med fire anbefalingar for å betre effekten av arbeidet som allereie gjerast, mellom anna styrke koordineringa internt og mellom forvaltningsnivåa. Sjå sak T-100/23 her .
Arrangement under The North West	Bidrog med økonomisk støtte.

Statistikkportal for Møre og Romsdal

Fylkeskommunen som samfunnsutviklar skal være pådrivar for kunnskapsbaserte slutningar i fylket og bidra til å dekke resten av samfunnets kunnskapsbehov.

Fylkeskommunen utarbeider årleg til dømes Fylkesstatistikken og Kommunestatistikken.

Databasar er den viktigaste kunnskapsressursen forvaltning, næring og samfunnet har for å ta riktige slutningar. Databasar er komplekse og delt på mange plattformer med ulike formål. Det gjer det svært vanskeleg og tidkrevjande å finne, systematisere og tolke relevant informasjon. Brukarar i forvaltning og næring slit med å finne riktige data og sette kjeldene i samanheng. Nokre andre fylker har etablert digitale statistikkportalar, til dømes [Innlandsstatistikk](#), [Trøndelag i tall](#), [Nordland i tall](#) og [analyse, statistikk og kart for Viken](#). Ein statistikkportal for Møre og Romsdal kan samle relevant statistikk og analyse for fylket på ein stad og forenkle tilgangen til kunnskap. Statistikkportalen kan bidra til å sikre god samfunnsutvikling og eit opplyst samfunn.

Programstyret i MR2025 ga i oktober 2022 oppdrag å utgreie kva etablering av ein statistikkportal for Møre og Romsdal vil krevje og korleis det kan løysast i Møre og Romsdal. Basert på arbeidet blei følgande mål for ein statistikkportal lagt til grunn for:

«Eit breitt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om og for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal».

Målgruppa blei definert som:

«Planleggarar og analytikarar i offentleg sektor, særskilt stat og kommune, næringsliv og bedriftseigarar, politikare, media, samfunnsengasjerte innbyggjarar, klynger, interesseorganisasjonar, andre interessentar i offentleg, privat og frivillig sektor».

I juni blei ein undervegs rapport lagt fram for programstyret. Ein ekstra ressurs hospiterte i perioden august til desember for å arbeide fram prosjektet. Forprosjektet er no fullført og frå 1.1.24 ligg vidare arbeid med statistikkportal til Planavdelinga i fylkeskommunen.

Aktivitetar i 2023

Aktivitet/Prosjekt	Status
Prosjektgruppe	Ei prosjektgruppe blei satt ned i slutten av 2022 med ni representantar frå fag- og stabsavdelingane i fylkeskommunen. Prosjektgruppa har diskutert formål og målgruppe, samt tekniske moglegheiter og utfordringar for ein statistikkportal. Nettstaden må være brukarvennlegheit og har god datatilgjengelegheit. Gruppa har gjennomført seks møter i 2023.
Intern workshop	I april 2023 blei det gjennomført ein intern workshop med prosjektgruppa og ytterlegare fem deltakarar frå fylkeskommunen.
Ekstern behovskartlegging	Ei kort spørjeundersøking blei sendt ut til eksterne interessantar i april. Sekstiein svarte. Undersøkinga viste at 3 av 4 meinte ein felles statistikkportal vil gi betre slutningsgrunnlag for deira verksemd. Behov dei uttrykte var; brukarvenleg og tilgjengeleg statistikk, tolking og analyse, oppdaterte data, ein samla digital og dynamisk portal.
Hospiterande prosjektressurs	I perioden 15. august til 31. desember hospiterte ein prosjektressurs internt i fylkeskommunen til arbeidet med statistikkportalen.
Kjernegruppe	Ei kjernegruppa med fire representantar har gjennomført hyppige møter hausten 2023, mellom anna i tilknytning til marknaddialogen.
Marknaddialog	Det ble i november-desember gjennomført ein marknaddialog med leverandørar. Dialogen ble gjennomført i samarbeid med innkjøpsavdelinga og Leverandørutviklingsprogrammet. Berre ein leverandør frå Tyskland responderte. Marknaddialog avdekte likevel at funksjonaliteten som er ønskeleg er «hylleware» som kan bidra til å redusere prisen.
Kartlegging interesse andre fylkeskommunar	I forbindelse med marknaddialogen ble arbeidet med statistikkportal lagt frem for andre fylkeskommunar gjennom fleire kanalar; Panda-samling, LUP portal og innovasjonsnettverk. Fleire fylkeskommunar ønsker å delta i ei felles anskaffing.

Omstillingsevne i offentlig sektor

I undervegs-evalueringa av MR2025 i 2021 undersøkte kva utfordringar som er mest presserande framover og kor det er ønske om samarbeid blant kommunar og statlege aktørar. Her peikte spesielt kommunane på konsekvensane demografiendringane vil få for tenestetilbodet framover. Kommunane opplever eit veksande gap mellom forventningar til tenester og moglegheit for å levere. Samarbeid vil vere avgjerande for naudsynt omstilling, innovasjon og krevjande prioriteringar i åra som kjem. Det er ønska at MR2025 bidreg til å utvikle samarbeid om omstillingsevne i offentlig sektor etter same modell som programmet har gjort på dei andre satsingsområda.

Fylkeskommunen kan gjennom MR2025 bidra til heilskapleg omstilling som er nødvendig i møte med demografiutviklinga, og vere bindeledd mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Ved å ta ei pådrivar- og koplarrolle kan fylkeskommunen drive fram kunnskapsbasert systeminnovasjon og samanhengstenking på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og fag. Dei harde prioriteringane som må komme, krev felles front i kommunikasjonen slik at gapet mellom forventningar og tenesteleveransar blir mindre og vi bevarer tilliten i samfunnet. Mykje innovasjon og nyskaping gjerast allereie i kommunane, men for å redusere strekk i laget, må vi legge til rette for meir samarbeid og deling mellom kommunane. Endringane må starte nå om vi skal vere rusta for framtida.

Aktivitetar i 2023

Aktivitet/Prosjekt	Status
Innleiande dialogar	Orienteringssak til Kommunedirektørutvalet i Møre og Romsdal og programstyre, referansegruppe for offentlig sektor. Dialog med Kommunal- og distriktsdepartementet, Molde kommune og Helseinnovasjonssenteret.

Digi Møre og Romsdal

Digi Møre og Romsdal er eit medlemsfinansiert digitaliserings samarbeid mellom alle kommunane og fylkeskommunen i fylket. Samarbeidet er utvikla gjennom MR2024 og er framleis ein del av programmet. Målet er å bidra til tettare samarbeid mellom kommunane og økt kraft i digitaliseringsarbeidet, slik at innbyggjarane får betre og meir samanhengande tenester. Dette gjerast ved å legge til rette for betre ressursutnytting og gevinstrealisering og bygge kompetanse og kapasitet i kommunane for effektiv tenesteutvikling. Vi skal dele på dei gode løysningane og hjelpe kvarandre å styrke heile regionen. Samtidig medverkar vi i føringar og prioriteringar på nasjonal utviklingsarena.

Digitalisering er ein nøkkel for ein berekraftig kommunesektor og heilt nødvendig for at kommunal sektor skal møte dei utfordringane dei står føre. Regionale Diginettverk er strategiske og operative samarbeid om digitalisering – eid av kommunane. DigiMR jobbar saman med kommunane, fylkeskommunen og IKT-samarbeida om digitaliseringa. Vi samarbeider tett med KS og andre diginettverk om erfaringsdeling og med å påverke nasjonalt. DigiMR gir innspel til og råd i viktige saker som angår kommunane, blant annet gjennom samstyringsfunksjonen på digitaliseringsområdet.

Tilgjengelighetserklæringer - universell utforming

[Alle kommuner og fylkeskommuner har fått på plass tilgjengelighetserklæring - KS](#)

Den digitale dansen mellom IKT Orkide og Diginettverkene

Alle nettsider i Hørge skal være universelt utformet. Siden 1. februar 2023 har det vært et krav om at alle virksomheter i offentlig sektor skal ha fyllt ut en tilgjengelighetserklæring for dette.

- På vegne av IKT-ORKidé vil jeg skryte av jobben som Digi Viken og Digi Møre og Romsdal har gjort med å koordinere digitale samlinger på både kurs, workshops og møter med tilsynet for Universell utforming. Erfaringsdeling med andre kommuner har stor faglig verdi for oss. Mitt ønske er at diginettverkene gjør mer av dette, så kan vi fortsette koordinering i våre kommuner, sier Svein Taknæs i IKT-ORKidé.

Digi Møre og Romsdal IKTORKIDÉ

Aktivitatar i 2023

Aktivitet/Prosjekt	Status
Frå prosjekt til drift i 2023	<p>2023 var første ordinære driftsår. Sekretariatet består av to stillingar i 100%. Jobbar framleis med å bygge og forankre mandat og forventningane til kva DigiMR skal være for kommunane og fylkeskommunen, og korleis dei skal ta ut verdien av DigiMR. Nye heimesider utvikla: www.digimr.no.</p> <p>DigiMR deltok i samarbeid med Digdir på workshop på NOKIOS 2023. Ga innspel til ny nasjonal digitaliseringsstrategi.</p> <p>Representantar frå eHelse har deltatt i KS arbeidsgruppe Felles modell for innføringsnettverk innan eHelse.</p>
Kompetanseløft digital transformasjon	<p>Kompetanseløft trinn 2 (v2.0) har vært under planlegging i 2023. Grunna utskiftingar i sekretariatet er dette utsett til 2024. Kompetanseløftet er ment for leiarar/personar med ansvar for å lede prosesser. Det er ønskeleg at dei skal bli kjent med det same faglege rammeverket om digital transformasjon som toppleiarane fekk 2021/2022.</p>
Felles prosjekt Digi barnevern	<p>Det er jobba vidare med metodikk for gjennomføring av felles prosjekt. Det er delt i 2 spor og er eit stort fellesprosjekt i fylket. Spor 1 er anskaffing av nytt journalsystem for dei kommunane som treng det, og spor 2 har vore fagleg retta grunna dei store endringane på området. Hausten 2023 samla vi 250 tilsette i barneverntenestene i fylket til fagdagar i Kristiansund og Ålesund. Tema var klart språk og universell utforming, god forvaltningsskikk og dokumentasjon.</p>
Kobo: Digitalt system for boligsosialt arbeid	<p>Kobo har vore eit prioritert nasjonalt prosjekt i regi av Husbanken. Kommunane må gjennomføre ei rekke innføringsaktiviteter, men god støtte av innføringsmateriellet, utvikla i samarbeid med diginettverka. Fleire kommunar har tatt i bruk Kobo.</p>

Frukostmøte og tematiske samarbeid	I 2023 har vi også arrangert frukostmøte og webinar (tematiske samarbeid). Dette har vært både lokalt for Digi MR, men vi deler og deltar og på nyttige møte og fagpåfyll med andre diginettverk.
Fagnettverk	<p>Det er stor aktivitet i fagnettverka med samlingar, møter i fag- og prioriteringsutval (Fag- og prioriteringsutvalg - KS), webinar, fagpåfyll og arbeid ut mot kommunane og fylkeskommunen. Det er viktig at vi gjennom fagnettverka og representantar som deltek i fag- og prioriteringsutvala får sikra toveisdialog mellom kommunane og KS, samt at vi kan bidra til etterleving av vegkart og slutningar tatt i samstyringsstrukturen. Vi har følgende fagnettverk i Møre og Romsdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Personvern og informasjonssikkerheit • E-helse • Oppvekst • Teknisk <p>Ambisjon om etablering nettverk sosial og velferd i 2024.</p>
Forum for IKT-samarbeid	Møtepunkt for IKT- samarbeida i fylket. Forumet brukast til tematiske og strategiske diskusjonar. Erfaringsutveksling og deling er verdifullt for deltakarane og gir økt samarbeid.
KS samstyringsstruktur og samarbeid mellom digitaliseringsnettverk	Samarbeidet med KS og digitaliseringsnettverka blir stadig utvikla og styrkte. Samarbeider tettare, og Møre og Romsdal har en strategisk plass på nasjonalt nivå, med ulike prosjekt gjennomført i 2023. Det er betre samarbeid og koordinering av felles aktivitetar mellom diginettverka, samt saker løfta opp i samstyringsstrukturen. Digi MR koplar representantar inn i eksisterande utval, og lager gode koplingar mellom nasjonale føringar og prioriteringar, og det regionale arbeidet.



<p>Universell utforming – tilgjengelegheits-erklæringar</p>	<p>Alle nettsider i Norge skal være universelt utforma. Frå 1. februar 2023 krav om at alle verksemder i offentlig sektor har fylt ut tilgjengelegheitserklæring. Alle kommunane gjorde ein stor innsats for å få på plass dette. Dei fekk god hjelp og støtte frå de regionale digitaliseringsnettverka.</p> <p>DigiViken og DigiMøre og Romsdal saman med IKT-samarbeidet IKT-ORKide i spissen, spelte ein viktig rolle når krava om universell utforming blei utvikla. DigiViken koordinerte erfaringsdeling nasjonalt, i samarbeid med UU-tilsynet, som webinarer og fagpåfyll. IKT-ORKide sine nettsider, blei ein felles idébank for viktige ressursar for kommunal sektor (www.ks.no). Det er lagt stor vekt på erfaringsdeling mellom kommunar, det gir stor verdi.</p>
-------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Styrking av Ungt Entreprenørskap

Styrking av Ungt Entreprenørskap (UE) Møre og Romsdal har hatt mål om at alle kommunane inngår avtale med UE. Statsforvaltaren har støtta kommunane økonomisk i avtalane. UE deltek i samarbeid med andre satsingar i MR2025.

UE har hatt høg aktivitet, og god vekst i hovudprogramma i 2023. I grunnskulen har heile 1547 elevar fått utfordra kreativiteten sin gjennom [SMART-programmet](#), medan rekordhøge 560 elevar har fått etablere si eiga [elevbedrift](#) på ungdomsskulen. I vidaregåande har vi 20% vekst i elevar som arbeider med [ungdomsbedriftsprogrammet](#). Vi gler oss over at stadig fleire lærarar, skular og kommunar set entreprenørskap i utdanning på planen.

Aktivitetar i 2023

Aktivitet/Prosjekt	Status
<p>Samarbeidsavtalar med kommunar</p>	<p>16 kommunar har signert samarbeidsavtale med UE; Ålesund, Molde, Kristiansund, Aure, Fjord, Giske, Hareid, Ørsta, Rauma, Sula, Sunndal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Vestnes og Aukra. Vi har mål om avtalar med alle kommunane i 2024.</p>
<p>Elevbedrift på ungdomsskulen</p>  <p>Lærarar på samling i Molde</p>	<p>Elevbedriftsåret 2023 har satt nye rekordar. Heile 760 elevar har hatt Kick Off med Ungt Entreprenørskap, og 560 elevar var registrert med elevbedrift i året som gjekk.</p> <p>I september samla vi 25 lærarar frå heile fylket til inspirasjonssamling for elevbedriftslærarar. På samlinga i Molde kursa vi lærarane i elevbedriftsmetoden, og la til rette for å bygge nettverk på tvers av skulane. Dette blei ei inspirerende og hyggeleg samling, og vi ønsker å gjere dette til ei årleg samling for både nye og erfarne elevbedriftslærarar.</p> <p>I april arrangerte vi regionmeisterskap for elevbedrifter for aller første gong i fylket vårt. Rundt 170 elevar frå ulike skular i heile fylket deltok på dei tre meisterskapa i Kristiansund, Molde og Ålesund.</p>
<p>SMART på mellomsteget</p> 	<p>SMART inneber varierte dagar med skaparglede og opplæring i innovasjonsprosess, med gode moglegheiter for å involvere lokalmiljøet. SMART har verkeleg blitt eit populært program på mellomsteget, og heile 1547 elevar har i kalenderåret 2023 gjennomført ideverkstaden SMART. I fleire av kommunane våre har vi hatt SMART-gjennomføringar for alle elevane på eit årssteg. Vi har levert programmet i fire ulike variantar med ulike tema; Kvardags-SMART, SMART Remidt (gjenvinning), SMART-First Lego League og SMART Sjømat.</p>

<p>Vidaregåande skule – Camp Circular</p> 	<p>I 2023 arrangerte vi i samarbeid med MR2025, Berekrattfylket og ei rekke lokale bedrifter Camp Circular: ein digital innovasjonscamp for vidaregåandeelevar. Etter ein skuleturné med fagforedrag sette 350 elevar i gang med utfordringa om bruke kreativitet og nyskaping til å <i>finne løysingar for ei meir sirkulær framtid</i>. Elevane viste stor grad av innovasjon og nytenking i løysingane sine, og juryen bestående av representantar frå fylkeskommunen og fleire samarbeidsbedrifter var sterkt imponerte. Fleire av ideane til løysingar som kom fram under innovasjonscampen blei vidareført i ungdomsbedrifter hausten 2023, og vi er svært spente på å sjå resultata av dette når vi møter ungdomsbedriftene under Fylkesmeisterskapen for ungdomsbedrifter 13. mars 2024.</p> <p>I 2024 gjennomfører vi ein tilsvarande innovasjonscamp for elevar i heile fylket, denne gongen med «Havet» som tema og fleire nye samarbeidspartnarar. Vi inkluderer også ungdomsskulen i dette prosjektet våren 2024.</p>
<p>Vidaregåande skule – framleis stort potensiale for fleire ungdomsbedrifter</p>	<p>Vi opplever vekst på alle programma i vidaregåande skule, og nær 450 elevar gjennomførte hovudprogrammet Ungdomsbedrift i 2023. Dette er ein vekst på 20% frå året før, men framleis stort potensial. På denne lenka ser du eit tilbakeblikk frå Fylkesmeisterskapet for Ungdomsbedrifter 2023.</p>
<p>Full årsrapport frå Ungt Entreprenørskap</p>	<p>Full årsmelding frå alle aktivitetar til Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal vil tilgjengeleggjerast på denne lenka innan utgangen av februar.</p>



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no